

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule (barnehagen), 5. desember 2012, kl 19.00 – 21.30.

Til stades: Sidsel Haugen, Kaia Gulbrandsen, Gerd Ingeborg Haugen, Sigmund Eiken, Britt Heidi Selsvik, Paul Killingberg, Ole-Gisle Vassel.

Dei nyinnflytta i Bråtet, Ria og Reinhard Haase, deltok på møtet.

Sak 1, Godkjenning av referat og møteinnkalling.

Ingen merknad til referat etter styremøte 07.11.12.

Ingen merknad til møteinnkalling.

Sak 2, Val av nestleiar.

Sigmund Eiken vart samrøystes vald til ny nestleiar.

Varamedlem Kaia Gulbrandsen går inn som fast styremedlem for Jane Lene Svåsand.

Varamedlem Bjørg Huus går inn som fast styremedlem for Einar Ystevik.

Sak 3, Val av representant til Herand Bygdeblad.

Britt Heidi Selsvik vart samrøystes vald som styret sin nye representant i Herand Bygdeblad.

Sak 4, Førebuing romjulsbasaren.

Basaren vert laurdag 29. desember kl 15.00.

Styremedlemer møter kl 14.00 for rigging og klargjering i gymsalen.

Gjennomføringa vart diskutert og oppgåver fordelt mellom styremedlemene.

Alle i styret skaffar ein bakst, kake e. l. for kafè-salet på basaren.

Styremedlemer sel lodd på loddbøker på butikken, laurdag 15. og 22. desember.

Gerd Ingeborg handlar inn nødvendige varer for kafè-salet på basaren.

Ole sjekkar om me kan nytta skyttarlaget sitt "loddtrekkeprogram" i år også.

Sak 5, Herand familiebarnehage, økonomirapportering.

Rekneskapen for november var ikkje klar frå rekneskapsføraren til styremøtet. Kasserar sende månadsrapporten til styremedlemene i etterkant av styremøtet. Rapporten syner at rekneskapen pr 30.11.12 ligg innanfor budsjettramma.

Samarbeidsavtalen mellom Jondal kommune og Herand familiebarnehage er ikkje motteken, Sidsel etterlyser denne på kommunen.

Sak 6, Auksjon/loppemarknad.

Utsett til neste styremøte i januar 2013

Sak 7, Årsplan 2013.

Utsett til neste styremøte i januar 2013

Sak 8, Herand Bygdeblad.

Kaia orienterte om nye datoar for utgjeving av bladet, det fyrste nummeret i 2013 skal ut alt ca 1. februar. Dette vert krevjande, styret oppfordrar lesarane om å fore redaksjonen med tips og innslag til bladet.

Sak 9, Eventuelt.

Kasserar opplyste at bygdelaget, etter søknad, har motteke ca kr 10.900 i momskompensasjon frå Lotteri- og Stiftelsestilsynet.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.